

Ang ny barnehage Hordabø og midlertidig barnehage på Manger.

Det første vi stiller spørsmål til er informasjon til oss i denne saka.

At foreldre via Møtebok for Formannskapet i Radøy fra den 7/9, må tilegne seg denne informasjonen sjølve, først den 11/10, meiner vi er kritikkverdig.

Henviser til lov om barnehage. Kapittel II § 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg.

Etter foreldremøte Torsdag 2. November sitt vi igjen med ei rekkje spørsmål.

Muntlig har vi oppmoda både Gro Håland og Jon Askeland om at representantar frå kommunen skulle delta under dette foreldremøte.

Saka om ny barnehage samt midlertidig barnehage påverkar svært mange. Vi føler det er direkte ansvarsfraskrivelse frå kommunen og sende einingsleiar aleine til og svare på spørsmål som beslutningstakar i saka tydligvis ikkje har gitt einingsleiar nok informasjon til og kunne besvare tilfredstillande.

Vi stiller spørsmål til kva andre lokaler i eller nærhet av Hordabø de har vurdert til midlertidig barnehage?

Og ønsker ei formell begrunning på kvifor desse ikkje kan nyttast.

Vidare vil me ha ei utgreing på begrunnelsen for flytting til Manger.

Då me tidlegare belyste utfordringane ang ungar så nære ein byggeplass var dette ikkje eit problem, alle sikkerhetstiltak ville bli ivaretatt.

Møtebok for Formannskapet den 7/9-17.

Rådmann Jarle Landås konstaterer det blir krevjande med drift i eksisterende barnehage under bygging, dette grunna støy, støv og trafikksikring, samt at det medfører eit halvt år lengre byggetid.

Etter siste plan ligger ny barnehage no på tomta mellom skule og barnehage, altså svært nære skulen. Kvifor skal det ikkje takast samme hensyn til skuleborna?

Samtidig ser vi ikkje eit problem med eit halvt års lengre byggeprosess, når kommunen no legger opp til nesten 2 år utsetting, for å klargjere DPS-bygget på Manger.

Vi etterspør ein konkret plan for midlertidig barnehage på Manger. For enkelte blir det uproblematisk å levere på Manger, men for andre vil dette by på store utfordringer i kvardagen.

For dei som ikkje kan levere sjølv på Manger, vil dei få tilbod om transport, evt kva type transport er tenkt på dette område?

Ein del foreldre får problemer med å rekke henting innen det som er makstid i barnehagen, vurderer kommunen å oppheve denne grensa?

Vil det være ein vurdering som ivaretar barnas beste i så fall?

Enkelte er også frustrerte grunna økte utgifter dette medfører for privat økonomien. For ein del vil det bli behov for økt forsikring (bil), drivstoff utgifter, samt forlenga SFO for eldre søsken.

Har kommunen tatt stilling til ringvirkninger av dette i si vurdering?

Med helsing

FAU ved Bø Barnehage